

Kvalitetssystem for Høgskulen i Volda

Godkjent av styret 26.04.2018

1. Kvalitetsarbeidet ved HVO

I *Universitets- og høyskulelova* §1-6 står det:

Universiteter og høyskoler skal ha et tilfredsstillende internt system for kvalitetssikring som skal sikre og videreutvikle kvaliteten i utdanningen. Studentevalueringer skal inngå i systemet for kvalitetssikring.

Høgskulen i Volda (HVO) har valt å konsentrere seg om kvalitetsarbeid knytt til følgende hovudtema:

- Mål for kvalitetsarbeid
- Organisering, ansvar og medverknad
- Evalueringstiltak knytt til dei fem hovudelementa i kvalitetssystemet
- Systematisk innhenting og bruk av informasjon og andre data som gir kunnskap om hovudelementa ved studiekvaliteten

I *Forskrift om tilsyn med utdanningskvaliteten i høyere utdanning (Studietilsynsforskriften)* står følgende om kvalitetsarbeidet:

§ 4-1. Krav til det systematiske kvalitetsarbeidet

- 1. Institusjonens kvalitetsarbeid skal være forankret i en strategi og dekke alle vesentlige områder av betydning for kvaliteten på studentenes læringsutbytte.*
- 2. Kvalitetsarbeidet skal være forankret i institusjonens styre og ledelse på alle nivåer. Institusjonen skal gjennom kvalitetsarbeidet bidra til å fremme en kvalitetskultur blant ansatte og studenter.*
- 3. Institusjonen skal ha ordninger for å systematisk kontrollere at alle studietilbud tilfredsstiller kravene i forskrift om kvalitetssikring og kvalitetsutvikling i høyere utdanning og fagskoleutdanning § 3-1 til § 3-4 og kapittel 2 i denne forskrift, og eventuelle tilleggskrav fastsatt av institusjonen.*
- 4. Institusjonen skal systematisk innhente informasjon fra relevante kilder for å kunne vurdere kvaliteten i alle studietilbud.*
- 5. Kunnskap fra kvalitetsarbeidet skal brukes til å utvikle kvaliteten i studietilbudene og avdekke eventuelt sviktende kvalitet. Sviktende kvalitet skal rettes opp innen rimelig tid.*
- 6. Resultater fra kvalitetsarbeidet skal inngå i kunnskapsgrunnlaget ved vurdering og strategisk utvikling av institusjonens samlede studieportefølje.*

2. Mål


HVO sitt kvalitetssystem skal bidra til å verkeleggjere høgskulen sin visjon:

- Kunnskap for framtida.

2.1 Kvalitetssystemet skal:

- Bidra til kontinuerleg kvalitetsforbetring
- Vere utviklande og dynamisk
- Sette studenten si læring i sentrum
- Synleggjere god kvalitet og avdekkje sviktande kvalitet
- Gi informasjon til leiinga og styret som grunnlag for avgjersle om prioritering og ressursfordeling
- Avklare kven som har ansvar for kva når det gjeld utvikling av god studiekvalitet

Arbeidet med betring av studiekvaliteten kan framstillast som ein prosess med fem fasar som jamleg gjentek seg:



3. Styring, ansvar og roller

3.1 Overordna ansvar

Det er Høgskulestyret som har det overordna ansvaret for kvalitetssystemet ved HVO og som handsamar årsrapporten om studiekvalitet

3.2 Tilsette: ansvar og roller

3.2.1 Rektor og prorektor

Rektor er ansvarleg for kvaliteten i høgskulen sine studietilbod. Rektoratet har ansvar for den daglege oppfølginga av kvalitetssystemet, og for at det blir oppretta og gjennomført kompetansehevingstiltak for fagleg tilsette.

3.2.2 Høgskuledirektøren

Direktøren har ansvar for drift og vedlikehald av kvalitetssystemet. Direktøren har òg ansvaret for kvaliteten i dei administrative tenestene knytt til studiekvalitet.

3.2.3 Studiedirektøren

Studiedirektøren har det samla ansvaret for kvalitetsarbeidet knytt til dei studieadministrative støttetene ved HVO. Studiedirektøren skal i samarbeid med avdelingane ta initiativ til intern evaluering av studietilbod ved høgskulen for å sikre studiekvaliteten. Studiedirektøren skal utarbeide statistikkar og analysegrunnlag som avdelingane kan bruke i sitt kvalitetsarbeid.

3.2.4 Personaldirektøren

Personaldirektøren har det samla ansvaret for at tilsettingar skjer i samsvar med kvalitetssystemet og gjeldande regelverk.

3.2.5 Dekan

Dekanen har det overordna ansvaret for kvalitetsarbeidet og for å fremje kvalitetskultur i avdelinga, m.a.:

- å organisere avdelinga sitt kvalitetsarbeid, og for å skriftleggjere og publisere dei valde ordningane for tilsette og studentar
- sjå til at evalueringane vert gjennomført, og for at resultatane vert følgt opp i relevante fora og avdelingsrådet

3.2.6 Programansvarleg/studieleiar

Hovudoppgåva for programansvarleg/studieleiar er å samordne planlegging, oppfølging og vurdering av programmet.

Meir konkret inneber det at vedkomande *har ansvar for*:

1. At det vert laga ein samla plan for programmet og at denne vert tilstrekkeleg kunngjort
 - a. at det i samråd med emneansvarleg(e), instituttleiar og avdelingsleiing vert gjennomført ei tenleg marknadsføring av programmet
 - b. at det i samråd med studiekoordinator, emneansvarleg(e) og instituttleiar vert engasjert og gjort avtalar med undervisarar (førelesarar, rettleiarar o.l.) og sensorar i emna
 - c. å planleggje innanfor gjevne ressursrammer og ved behov gje innspel til instituttleiar om ressursbehov for å gjennomføre emnet

2. Samordning av samarbeidet mellom emneansvarleg(e) om gjennomføring av programmet
 - a. å følge opp faglege mål og oppfylging av måltal for programmet
 - b. å vere med og utvikle faglege nettverk rundt programmet
 - c. å følge opp studentar i saker som er relevante for programmet

3. Systematisk vurdering av programmet
 - a. å vere med og følge opp saker som vert tekne opp i kvalitetsutval i dei ulike emna innanfor programmet
 - b. at programrapport som følgjer studieåret vert skrive og sendt til instituttleiar
 - c. i samarbeid med emneansvarleg(e) samordne arbeidet med årleg revidering av programmet, inkludert registrering i EmWeb
 - d. i samråd med emneansvarleg(e) og instituttleiar vurdere behovet for meir omfattande revisjon av emnet

3.2.7 Emneansvarleg

Hovudoppgåva for emneansvarlege er å samordne planlegging, gjennomføring og vurdering av emnet.

Meir konkret inneber det at vedkomande *har ansvar for*:

1. At det vert laga ein samla plan for emnet (emneplan og gjennomføringsplan) og at denne vert tilstrekkeleg kunngjort
 - a. at det i samråd med programansvarleg/studieleiar, studiekoordinator, instituttleiar og avdelingsleiing vert gjennomført ei tenleg marknadsføring av emnet
 - b. at det i samråd med den programansvarleg/studieleiar, instituttleiar og studiekoordinator vert engasjert og gjort avtalar med undervisarar (førelesarar, rettleiarar o.l.) og sensorar i emnet
 - c. at aktuell ny litteratur på fagfeltet vert vurdert og at naudsynte revisjonar av pensum vert gjennomført
 - d. at det vert laga arbeidskrav og eksamensoppgåver for emnet, og at det vert skrive sensorrettleiing for desse oppgåvene
 - e. å planleggje innanfor gjevne ressursrammer og ved behov gje innspel til programansvarlege/studieleiarar og instituttleiar om ressursbehov for å gjennomføre emnet

2. Den daglege oppfølginga og drifta av emnet
 - a. at studentane og tilsette vert informerte om organisering og planlagd gjennomføring av emnet gjennom semesteret
 - b. å følge opp studentar i saker som er relevante for emnet
 - c. å følge opp dei som har undervisningsoppgåver (undervising i grupper, på nett, rettleiing m.m.)

3. Systematisk vurdering av emnet

- a. at møte med kvalitetsutvalet for emnet, i dei tilfelle at emnet har eige kvalitetsutval, vert gjennomført i samsvar med intensjonen
- b. at emnerapport som følgjer studieåret vert skrive og sendt til programansvarleg/studieleiar
- c. i samarbeid med den programansvarlege/studieleiaren og studiekoordinator bidra i arbeidet med årleg revidering av emnet, inkludert registrering i EmWeb
- d. i samråd med programansvarlege/studieleiarar og instituttleiar vurdere behovet for meir omfattande revisjon av emnet

3.2.8 Faglærer

Faglærer har ansvar for å gi forskingsbasert undervisning, rettleiing og oppfølging, og for å bidra til evaluering av studieprogram og emne.

3.2.9 Den tilsette

Alle tilsette skal ta ansvar for kvalitet i eige arbeid og arbeide kontinuerlig for eiga kvalitetsforbetring. Alle tilsette skal bidra til eit motiverande og stimulerande arbeidsmiljø.

3.3 Studentar: ansvar og roller

3.3.1 Studenten

Studentane sine rettar og plikter følgjer av *Lov om universiteter og høgskoler* av 1. april 2005 nr. 15 og av *Forskrift om opptak, studium og eksamen ved Høgskulen i Volda*.

Studentane har medansvar for utviklinga av studiekvaliteten på høgskulen. Det skal skje ved representasjon i styre og utval, og gjennom deltaking i studentevalueringar, trivselsundersøkingar m.m. som høgskulen legg til rette for. Studentane har også ansvar for å setje seg inn i gjeldande reglar.

3.3.2 Kvalitetsutvalsmedlem

Eit kvalitetsutvalsmedlem skal bidra til undervegsevaluering av emne/studieprogram.

Han/ho skal bidra i kvalitetsutvalet på vegne av studentane på sitt emne/studieprogram

3.3.3 Tillitsvalt student

Tillitsvalt er bindeleddet mellom ei studentgruppe og faglærer/emne/programansvarleg/studieleiar.

Tillitsvalt kan vere kvalitetsutvalsmedlem.

3.3.4 Studentparlamentet

Studentparlamentet skal arbeide for å betre studiekvardagen ved høgskulen og sikre studentane sine interesser og rettar, både fagleg og sosialt.

3.4 Utval

3.4.1 Sentrale utval

Ved HVO har vi følgjande sentrale utval som har oppgåver knytt til kvalitetssikring:

- Strategisk studienemnd
- Læringsmiljøutval
- Forskingsutval
- Internasjonalt utval
- Arbeidsmiljøutval

- Klagenemnda

3.4.2 Avdelingsråd

Avdelingsrådet skal handsame kvalitetsrapporten frå avdelinga. Sjå også punkt 5.2.2.

3.4.3 Kvalitetsutval

Kvalitetsutvalet skal vere eit forum for tilbakemeldingar og evaluering undervegs i studiet, og har samstundes som mål at studentar og faglærarar skal utvikle ei fagkritisk haldning.

Alle fleirårige studieprogram (bachelor- og masterprogram) skal ha kvalitetsutval, der studentar frå alle kull/årstrinn er med.

Det er valfritt å organisere andre kvalitetsutval, uavhengig av studietype/studielengd.

For nettstudentar skal det vere egne evalueringssopplegg, og det må gå tydelig fram av studieplanen.

3.4.4 Doktorgradsutval for helse- og sosialfag

Doktorgradsutval for helse- og sosialfag har ansvar for kvalitetssikring og vidareutvikling av studie- og emneplanar. Programansvarleg/studieleiar har ansvar for å utarbeide ein kvalitetsrapport på bakgrunn av emnerapportar, referat frå kvalitetsutval og studieprogramevaluering.

Kvalitetsrapporten vert lagt fram for doktorgradsutvalet for godkjenning. Rapporten skal inngå i avdelinga sin kvalitetsrapport.

4. Hovudelement i kvalitetssystemet

NOKUT (*Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga*) kallar heile studenten sitt liv på ein lærestad, frå opptak til mottatt vitnemål, for studenten si *læringsbane*. Det skal vere kvalitet i alle ledd, frå studenten si første kontakt med lærestaden gjennom god informasjon ved opptak – og heilt til studenten går ut frå institusjonen med eit vitnemål i handa.

HVO har valt fem kvalitetsområde som skal utgjere strukturen for kvalitetssystemet og som skal kvalitetssikre studenten si læringsbane:

1. kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak
2. rammekvalitet
3. programkvalitet
4. resultatkvalitet
5. relevanskvalitet

Til kvart av dei fem kvalitetsområda er det utarbeidd mål, definert evalueringstiltak og ansvarsplassering.

På HVO sin vev ligg det malar og døme til bruk for dei ulike kvalitetsområda.

4.1 Kvalitet på rekruttering, informasjon og studentmottak

Mål	Tiltak	Ansvarleg
Søkjarar skal ha god informasjon om studietilbodet ved HVO og om Volda som studiestad	Spørjeundersøking om studiestart Årleg revisjon av rekrutteringsplanen Søkjarrettleiing Universelt utforma nettsider Relevant informasjon i høve til forventingar, innhald og krav i studiet	Leiar for kontor for samfunnskontakt/studiedirektør Avdelingane
HVO skal ha god inntakskvalitet	Vurdering av opptakspoeng der det er mogleg	Studiedirektør
HVO skal bidra til ei god fadderordning og gi ein god oppstart for nye studentar	<ul style="list-style-type: none">- Opplæring av fadderar- Kurs om trygg ferdsel i naturen for nye studentar- Årleg prosjekt for studiestart- Orienterer om tilbod om tilrettelegging og rådgiving- Kurs om studieteknikk i høgare utdanning	Studentparlamentet AKF Fellesadministrasjonen Studierettleiar og studentsamskipnaden Fellesadministrasjonen

4.2 Rammekvalitet

Rammekvalitet omfattar ressursar og strukturar som t.d. personell, lokale, utstyr og psykososiale forhold.

Mål	Tiltak	Ansvarleg
HVO skal tilby eit godt læringsmiljø med universell utforming	Årleg rapport til styret frå læringsmiljøutvalet Rutinar for innmelding, og rutinar for uheldige hendingar for studentar Årleg kontroll av det fysiske læringsmiljøet Årleg dialogmøte med avdelingane, der læringsmiljøet for studentar er tema	Læringsmiljøutvalet Studiedirektør Studiedirektør Driftsleiar Læringsmiljøutvalet
HVO skal ha eit inkluderande læringsmiljø	Tilby tilrettelegging for studentar med særlege behov	Studierettleiar
HVO skal ha fagleg tilsette med høg kompetanse	Forskningsprogram Kompetansehevingsprogram (lenke til HMS-system)	Rektoratet/direktør/dekanar/personalsjef/forskingsjef
Studentar skal ha medverknad på avgjerdsprosessar ved HVO	Faste møter mellom rektor, direktør, studiedirektør, leiar og nestleiar for Studentparlamentet og direktøren for Studentsamskipnaden Studentar skal vere representert i styre og råd	Leiinga av Studentparlamentet HVO og Studentparlamentet
HVO skal tilby eit godt administrativt støtteapparat	Evaluering av studieadministrative tenester og IT-tenester Kompetansehevingstiltak	Studiedirektør/It-leiar/Canvas-ansvarleg Direktør/personaldirektør
HVO skal ha eit fagbibliotek med relevant litteratur og kunnskapsbasar som held høg kvalitet	Årleg gjennomgang av prioriteringar og rutinar i samband med innkjøp og tilrettelegging av informasjon UH-nettverk	Bibliotekleiar Bibliotekleiar

4.3 Programkvalitet

Programkvalitet omfattar kvaliteten på studieplanane og gjennomføringa av studia.

Mål	Tiltak	ansvarleg
HVO skal drive undervisning av høg fagleg og pedagogisk kvalitet	Alle fagtilsette skal ha pedagogisk basiskompetanse (lenke til komande dokument) Kurs i pedagogisk basiskompetanse Meritteringssystem	Prorektor/personalsjef/ dekanane AHL Prorektor og personalsjef
HVO skal ha god utdanningsleiing på alle nivå	Alle studieprogram skal ha ein programansvarleg/studieleiar HVO skal syte for heilskaplege utdanningar og ivareta samanheng i studieprogramma HVO skal syte for varierte undervisnings- og vurderingsformer, og tydelege læringsutbyttbeskrivingar HVO skal syte for god samanheng mellom læringsutbyttebeskrivingar og undervisnings- og vurderingsformer HVO skal syte for (mest mogleg) universell utforming av undervisninga HVO skal syte for at studentar kan gi tilbakemeldingar undervegs i studiet	Dekanane Programansvarleg/ studieleiar Programansvarleg/ Studieleiar Programansvarleg/ Studieleiar Programansvarleg/ Studieleiar Emne-/ programansvarleg/studieleiar/ faglærer
HVO skal kvalitetssikre nye studieprogram og nye emne	Ekstern fagfelle vurdering av nye studium/emne Ekstern sensur første gong emnet blir gjennomført	Dekan, studieleiar, program- og emneansvarleg Dekan og emneansvarleg
HVO skal ha eit internasjonalt og mangfaldig læringsmiljø	HVO skal arrangere internasjonalt dag årleg HVO skal bemanne Pangaia, den internasjonale treffstaden HVO skal arrangere internasjonalt klubb	Internasjonalt kontor Studiedirektør Pangaia

	HVO skal ha pensumlitteratur som atterspeglar den nyaste internasjonale forskinga på fagområdet	Fagtilsette
HVO skal tilby studentar og fagtilsette utanlandsopphald ved anerkjende utanlandske utdannings- og forskingsinstitusjonar	Tett kontakt med utanlandske institusjonar Studentevalueringar (som del av brukarundersøking og/eller kandidatundersøking)	Programansvarleg/studieleiar, dekan, studiedirektør Studiedirektør, programansvarleg/studieleiar og dekan
HVO skal tilby studentar rettleiing knytt til planlegginga og gjennomføringa av studiet deira	Tilbod om utdanningssamtalar for studentar på studieprogram på 60 studiepoeng eller meir Studierettleiing Rutinar for innmelding, og rutinar ved uheldige hendingar for studentar	Programansvarleg/studieleiar Studierettleiar Studiedirektør
HVO skal ha høg svarprosent på Studiebarometeret	HVO skal oppsøke alle 2. årsstudentar på bachelor- og mastergrader, og informere om Studiebarometeret, og gi studentane tid og rettleiing til å svare på undersøkinga Studentparlamentet skal informere og engasjere dei tillitsvalde og medstudentar, slik at svarprosenten ved HVO blir høg	Prorektor og studiedirektør Studentparlamentet
Tilsyn med eksisterande studieprogram	Ekstern evaluering: Strategisk studienemnd peikar årleg ut 3-4 studieprogram som skal ha ekstern evaluering og vel tema for evalueringa. Studieprogram kan også be om å bli eksternt evaluert Kandidatundersøking på utdanningane som er peika ut for ekstern evaluering (studentar som gjekk ut 1-3 år tilbake i tid) Intern evaluering: Alle studieprogram skal evaluerast fortløpande	Dekan og programansvarleg/studieleiar ved dei utpeika utdanningane i samarbeid med Strategisk studienemnd Studiedirektør Programansvarleg/studieleiar

	<p>Alle emne skal evaluerast fortløpande</p> <p>Obligatoriske kvalitetsutval på alle fleirårige utdanningar og ev. på emnenivå</p>	<p>Emneansvarleg</p> <p>Dekan, program- og emneansvarleg, faglærer</p>
Studieprogramma og kvalifikasjonsrammeverk	<p>Studie- og emneplanane skal utarbeidast i tråd med <i>Nasjonalt kvalifikasjonsrammeverk for høgare utdanning</i></p> <p>Årleg revisjon av eksisterande studie- og emneplanar</p>	<p>Dekan</p> <p>Dekan</p>

4.4 Resultatkvalitet

Resultatkvalitet omfattar gjennomstrøyming og karakterfordeling

Mål	Tiltak	Ansvarleg
HVO skal ha laupande oversikt over gjennomstrøyming og karakterfordeling mellom kandidatane	<p>Analyse av strykprosent, karakterfordeling og karakterutviklinga over tid</p> <p>Utarbeide statistikk om samanhengar mellom inntakskvalitet og resultatkvalitet innanfor utvalde utdanningar</p>	<p>Dekanoar/studiedirektør</p> <p>Studiedirektør/ programansvarleg/ studieieiar</p>
HVO skal sikre at studentane får rettferdig vurdering	<p>Alle emne skal ha ekstern sensur minst kvart tredje år</p> <p>Alle eksamenar skal ha ei sensorretteiing</p>	<p>Dekan/emneansvarleg</p> <p>Emneansvarleg</p>
HVO skal vere blant dei beste på gjennomstrøyming på bachelorgradene	<p>Analyse av studieprogresjon og gjennomstrøyming på bachelorgradene</p> <p>Tett oppfølging av studentane som er forseinka</p> <p>Innkalle studentar som er forseinka til utdanningssamtalar</p>	<p>Studiedirektør/dekanoar/ Programansvarleg/ Studieieiar</p> <p>Programansvarleg/ studieieiar</p> <p>Programansvarleg/ studieieiar</p>
HVO skal auke gjennomstrøyminga på mastergradene	Følgje opp tiltaka i handlingsplanen for gjennomstrøyming på mastergradene	Dekan/ Programansvarleg/studieieiar

	<p>Strategisk studienemnd skal evaluere handlingsplanen</p> <p>HVO skal arbeide for å oppnå forståing for behovet for mastergrader som livslang læring og behovet for alternativ organisering av studieløpa</p>	<p>Strategisk studienemnd</p> <p>Rektor/direktør/ dekanar/studiedirektør</p>
--	---	--

4.5 Relevanskvalitet

Mål	Tiltak	Ansvarleg
HVO skal tilby studieprogram som er relevante for arbeid i privat og offentleg sektor	<p>Tett kontakt med praksisfeltet, samt tilbakemelding/ evaluering frå praksisstad og studentar i praksis</p> <p>Skildring av læringsutbytte i tråd med kvalifikasjonsrammeverket i alle studie- og emneplanar</p> <p>HVO skal ha tilsette med relevant erfaring frå praksisfelt</p>	<p>Program- og emneansvarleg/studieleiar</p> <p>Dekan, program- og emneansvarleg/studieleiar</p> <p>Dekan og personaldirektør</p>

5. Evaluering, rapportering og utvikling

God informasjonsflyt og tilbakeføringsløyper er ein viktig del av kvalitetssystemet, då dette skal bidra til deling av kunnskap, læring og utvikling i organisasjonen. Rapportar og referat frå dei ulike evalueringstiltaka skal vere tilgjengelege for studentar og tilsette på eigna stad i Canvas.

Dersom problemområde blir avdekt og melde vidare i systemet, skal det givast skriftleg tilbakemelding på kva som er gjort/vil bli gjort og kven som har ansvar for oppfølging.

Under punkt 5.2 står nærare omtale av rapporterings- og tilbakemeldingsrutinane.

5.1 Omtale av sentrale evalueringstiltak

5.1.1 *Avdelingane sin kvalitetsrapport*

Studiekvalitetsrapporten skal verte handsama i avdelingsrådet. Avdelingsrådet skal vere sett saman av representantar frå studentar, fagmiljø og administrasjon i avdelinga. Rådet drøftar og følgjer opp resultatane på tvers i avdelinga.

5.1.2 *Kvalitetsutval for studieprogram*

Kvalitetsutvala skal vere bindeleddet mellom studentane og fagansvarlege på studieprogram. Kvalitetsutvala skal gi høve til å diskutere emne- og studieplanar, gjennomføringa av studiet, og å kome med tilbakemeldingar på studieopplegget.

Arbeidet med kvalitetsutval går fram av retningslinene for kvalitetsutval. Alle fleirårige studieprogram skal ha eit kvalitetsutval, og utover dette vel avdelinga sjølv struktur for kvalitetsutvalsarbeidet og om ein vil ha andre/fleire kvalitetsutval i avdelinga. Kvalitetsutvala skal vere sett saman av både studentar og fagtilsette, og det skal vere minst eitt møte per semester.

Godkjende referat frå møter i kvalitetsutvalet skal sendast til dekan for fortløpande vurdering og eventuell vidare oppfølging.

5.1.3 *Utdanningssamtalar/utdanningsplanar*

Utdanningsplanen skal leggje til rette for at studentane kjem gjennom studiet på normert tid, og skal omhandle rettleiing, informasjon og studieplanlegging. Utdanningsplanane skal sikre eit tettare og meir forpliktande forhold mellom den einskilde studenten og institusjonen. Utdanningsplanen skal vere eit verkty for begge partar i planlegginga og gjennomføringa av eit studieprogram.

Studentar ved studium på 60 studiepoeng eller meir får ved studiestart oppnemnt ein utdanningsrettleiar. Tidleg i første semesteret skal utdanningsrettleiaren gi tilbod om ei utdanningssamtale, individuelt eller gruppevis. Seinare i studieløpet bør partane gjennomføre ei rettleiingssamtale kvart semester, individuelt eller i gruppe.

Gjennomføring av utdanningssamtalar går fram av retningslinene for utdanningsplanar. Tidspunkt følgjer oppsett i kalender for studieåret for studentar.

5.1.4 *Evaluering av studieprogram*

Studieprogramevalueringa skal gi studentar og programansvarleg/studieleiar høve til å gi tilbakemelding om opplegget for, og gjennomføringa av, kvart studieprogram. Denne evalueringa gjeld berre studieprogram på 60 studiepoeng eller meir.

Strategisk studienemnd peikar ut dei studieprogramma som skal ha ei ekstern evaluering. Når det er ikkje er ekstern programevaluering, skal det gjennomførast ei enklare form for internevaluering. Denne byggjer på emneevalueringane som inngår i programmet, kvalitetsutvalsreferata,

sensorrapportane og eventuelt supplerande evalueringselement som fagmiljøet initierer. All evaluering skal danne grunnlag for systematisk analyse, faglege drøftingar og eventuelle forbetringar av studiekvaliteten.

Programansvarleg/studieleiar oppsummerer alle tilbakemeldingane og drøftar resultatata saman med dei emneansvarlege innanfor programmet. Dette, saman med eventuelle forbetringstiltak, dannar grunnlaget for ein skriftleg rapport. Rapporten bør også innehalde kommentarar til emneevalueringane for dei emna som inngår i studieprogrammet (sjå nedanfor).

Dekanen analyserer alle programrapportane og utarbeider ein studiekvalitetsrapport for heile avdelinga. Denne vert lagt fram for avdelingsrådet og blir sakshandsama der. Deretter går rapporten vidare som del av årsrapport for studiekvalitet til strategisk studienemnd og Høgskulestyret. Rapporteringa følgjer studieåret.

Resultatet av evalueringane skal gjerast kjent for studentane.

5.1.5 Felles ph.d-grad med Høgskolen i Molde

Programrapporten frå ph.d-graden vert lagt fram for doktorgradsutvalet og blir handsama der. Deretter går rapporten vidare til dekan for Avdeling for samfunnsfag og historie. Doktorgradsprogrammet blir evaluert i tråd med kvalitetssystemet til Høgskolen i Molde.

5.1.6 Evaluering av emne

Emneevalueringa skal gi studentar og emneansvarlege høve til å gi tilbakemelding om opplegget for, og gjennomføringa av, kvart emne.

Den emneansvarlege oppsummerer tilbakemeldingane og drøftar resultatata med studentane og i fagmiljøet. Dette, saman med eventuelle forbetringstiltak, vert formulert i ein kort rapport som går til programansvarleg/studieleiar (sjå ovanfor).

5.1.7 Kvalitetssikring av nye studieprogram og emne

Fagfellevurdering

Fagfellevurdering av nye studie- og emneomtalar skal sikre ei ekstern vurdering av nye studietilbod. Alle nye studie- og emneomtalar på 15 studiepoeng eller meir skal vurderast av to eksterne fagkollegaer frå to ulike institusjonar i forkant av godkjenning av studiet/emnet. Fagfellevurderingane skal leggast ved avdelinga sin søknad og saksutgreiing om endeleg godkjenning av nye emne- og studieplanar.

Prosedyre for utarbeiding, utforming og godkjenning av studie- og emneplanar går fram av retningslinjer for emne- og studieplanarbeid.

Ekstern vurdering

Alle nye emne skal i tillegg til dei vanlege evalueringstiltaka ha minst ein ekstern sensor ved første eksamensavvikling.

5.1.8 Spørjeundersøking om studiestart

HVO ønskjer å få tilbakemeldingar om kor godt ein lukkast med å nå fram med god og relevant studieinformasjon, og kvaliteten på mottakinga studentane får ved semesterstart. Fellesadministrasjonen gjennomfører spørjeundersøkinga om semesterstart.

5.1.9 Intern evaluering av studiestart

HVO har utarbeidd ein overordna plan for studiestart og studentmottak. Strategisk studienemnd evaluerer studiestarten kvar haust.

5.1.10 Meldingsteneste for studentar

På heimesida for studentar er det ei meldingsteneste – *Sei ifrå* – der studentar kan gi tilbakemeldingar om uheldige hendingar til HVO. Studiedirektøren, studentrådgivar og driftsleiar er ansvarleg for å følgje opp innspel og saker som blir meldt inn.

5.1.11 Sensorretteiing

HVO skal ha sensorretteiing for kvar eksamen. Sensorretteiinga vil bidra til betre kvalitetssikring av det fastsette læringsutbytte og til å redusere ulikskap i sensur mellom sensorane.

5.1.12 Studiebarometeret

Resultata frå studiebarometeret skal diskuterast med studentane og i fagmiljøa. Resultata skal også omtalast i programrapporten og i avdelingane sine kvalitetsrapportar.

5.1.13 Strategisk vurdering av studieprogramporteføljen

HVO nyttar SEFØ-modellen:

- Strategisk vurdering
- Etterspørsel
- Fagleg berekraft
- Økonomisk berekraft

5.1.13 Meritteringssystem

(kjem seinare)

5.2 Rapportar frå emne-/programansvarlege/studieleiarar og avdelingane

5.2.1 Grunnlagsrapportar

Følgjande rapportar dannar grunnlaget for dei avdelingsvise kvalitetsrapportane:

Kvalitetsutvalsreferat

Det skal skrivast referat frå møte i kvalitetsutval som skal publiserast for studentar og fagtilsette i Canvas.

Sensorrapport

Ved ekstern sensur skal den eksterne sensoren utarbeide ein sensorrapport som skal sendast til emneansvarleg. Sensorrapporten skal innehalde fråsegn om sensorretteiing, eventuell evaluering av vurderingsordninga i emnet og fråsegn om eksamensoppgåvene til eksamenen/-ane.

Sensorrapporten skal gi ei vurdering av eksamensoppgåvene i høve til læringsutbyttet for emnet.

Evaluering av emne

Emneansvarleg skriv ein kort rapport for kvart emne og sender den til programansvarleg/studieleiar for programmet emnet høyrer til. Emnerapportane kan leggast fram i kvalitetsutvala på studieprogramnivå. Rapporteringa følgjer studieåret.

Evaluering av studieprogram

Programansvarleg/studieleiar skriv ein samlerapport for sitt studieprogram (jf. 5.1.4). Rapporten skal sendast til dekan og vere med i grunnlaget for avdelinga sin kvalitetsrapport.

Ekstern evaluering av studieprogram

Strategisk studienemnd peikar kvart år ut studieprogram på minst 60 studiepoeng som skal ha ekstern evaluering. Programansvarleg/studieleiar og dekan har ansvar for å samanfatte ein rapport som skal handsamast i avdelingsrådet. Strategisk studienemnd skal ha rapporten til orientering.

Studiebarometeret

Programansvarleg/studieleiar analyserer resultatane i Studiebarometeret for sitt studieprogram. Resultata skal leggast fram for studentane og i kvalitetsutvalet på studieprogramnivå. Resultata skal vere ein del av grunnlaget for programrapporten.

5.2.2 Avdelingsvise rapportar om studiekvalitet

Kvar dekan utarbeider for kvart studieår ein rapport om studiekvalitet på grunnlag av programrapportane. Rapporten følgjer studieåret og skal – etter handsaming i avdelingsrådet – sendast til studiedirektør innan 1. oktober.

Dei avdelingsvise rapportane skal:

- Gi ei overordna vurdering av kvaliteten i undervisninga og utdanningstilbodet ved avdelinga, og eit oversyn over resultat og tiltak i kvalitetsarbeidet
- Gi ei vurdering av kvalitetsarbeidet med grunnlag i dei fem hovudelementa i kvalitetssystemet
- Identifisere eventuelle problem som avdelinga ikkje kan løyse åleine

5.2.3 Årsrapport for studiekvalitet

Strategisk studienemnd utarbeidar ein årsrapport om studiekvalitet på grunnlag av:

- Avdelingsvise rapportar om kvalitetsarbeidet
- Oppsummering av studiestartundersøkinga
- Statistikk frå målområda rekrutterings-, informasjons- og studentmottaks-, ramme-, program-, resultat- og relevanskvalitet
- Resultata frå studiebarometeret for HVO

Årsrapporten skal gi ei samla og overordna evaluering av studiekvaliteten ved institusjonen, og gi eit oversyn over opplegg og tiltak i kvalitetsarbeidet.

Årsrapporten skal innehalde framlegg om forbetringstiltak og prioritering av ressursar til dei framlagde tiltaka, og korleis desse skal følgjast opp.

Årsrapporten følgjer studieåret. Den skal leggast fram for Høgskulestyret tidsnok til at resultatane i rapporten kan innarbeidast i budsjettet og årsplanane for komande år.